

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 02.12.2014
Vår ref.: 2014/24006-2
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.:

Varsel om synfaring - Søknad om bygging av landbruksveg - gnr 84 bnr 7 - Radøy kommune

Vi viser til brev datert 01.12.2014 i samband med søknad om bygging av landbruksveg på gnr. 84, bnr. 7 i Radøy kommune. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Ut frå våre arkiv kan vi ikkje sjå at traseen kjem i direkte konflikt med kjente automatisk freda kulturminne, men delar av tiltaksområdet har potensial for nye funn. Det er registrert fleire lokalitetar med forhistorisk busetjing i nærområda. Det er difor naudsynt med ei synfaring før vi kan gje fråsegn til tiltaket. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering, jf. Kulturminnelova § 9. Synfaringa vil bli gjort så raskt som råd.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.